



Sykkylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
23/1524 - 4 /ARIRIN	29.08.2023	23/48727 - 23/1120	Ingeborg Forseth	19.09.2023

## **Sykkylven kommune - planarbeid på næringsområdet - gbnr 17/451 - fråsegn**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld utgreiingsfase om å sette i gang planarbeid på næringsområdet på gbnr. 17/451 på Vik i Sykkylven kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### **Samferdsel**

Innspelet om rundkøyring kjem ut i frå det vi forstår frå privatperson. Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar har ikkje vurdert rundkøyring som eit behov for å lause eventuelle trafikkale problem i området. Rundkøyring her står heller ikkje nemt i prosjeklista vår og er ikkje prioritert inn i noko investeringsprogram hos oss.

I samband med ei anna sak i området har Norconsult utarbeid ei trafikkanalyse der det bla. er vurdert kapasitet og trafikktryggleiksutfordringar i dagens T-kryss ved Circle-K. Analysen

vurderer at det ikkje er kapasitetsutfordringar i krysset, men at svingbevegelsen "venstre – av" er uheldig.

Dersom det blir lagt tiltrette for aktivitet i dette området som auka trafikken, må ein gjere ei vurdering av om krysset er dimensjonert og drifta til å tole ei slik auking. Det kan i så fall hende at vi som vegeigar vil krevje utbetring av kryssområdet ved Circle-K, t.d. etablering av venstresvingefelt på fv. 60.

### **Automatisk freda kulturminne**

Arkeologisk registrering vart gjennomført 04.09-07.09. 2023. Det vart funne eit lite parti med ardspor som kan vere automatisk freda. Vi avventer prøvesvar og vil fatte ein dispensasjon frå kulturminnelova når desse er klare.

### **Konklusjon**

Ber om at innspel ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare prosessen.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Statens vegvesen  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal